



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
16/21	Driftsutvalet	08.03.2021
46/21	Formannskapet	16.03.2021

LOKAL FORSKRIFT OM FEING OG TILSYN MED FYRINGSANLEGG OG OM REGULERING AV FEIEGEBYR I VANYLVEN KOMMUNE

Samandrag:

Ny lokal forskrift for Vanylven om feing og tilsyn med fyringsanlegg som er framlagt er i tråd med forskrift om brannforebygging datert 01.01.2016. Den erstattar eksisterande kommunal forskrift om feing. Forskrifta har som mål å regulere gjennomføring av feing og tilsyn av alle fyringsanlegg, og ikkje berre bustadar. Det vert føreslått å legge forskrifta ut til høyring.

Formannskapet 16.03.2021:

Behandling:

Samrøystes vedtak som tilrådinga frå driftsutvalet.

FO- 46/21 Vedtak:

Lokal forskrift om feing og tilsyn med fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr i Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Driftsutvalet 08.03.2021:

Behandling:

Samrøystes tilråding som framlegget.

DU- 16/21 Vedtak:

Driftsutvalet tilrår:

Lokal forskrift om feing og tilsyn med fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr i Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Rådmannen si tilråding:

Lokal forskrift om feing og tilsyn med fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr i

Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Vedtak som innstilling frå Driftsutvalet - 08.03.2021 - 16/21

Driftsutvalet tilrår:

Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr i Vanylven kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 8 veker i samsvar med forvaltningslova § 37.

Vedlegg:

Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg for Vanylven kommune
Forskrift om brannforebygging
Brann- og eksplosjonsvernloven

Saksopplysningar:

I tidlegare forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (førebyggjandeforskrift) har norma vore at feiarane skal feie og føre tilsyn i bustadar. Forskrift om brannforebygging, gjeldande frå 01.01.2016, som har erstatta førebyggjandeforskrift, skil ikkje mellom bustadar, hytter, fritidsbustadar og andre bygg som har fyringsanlegg.

Viser spesielt til:

- Brann og eksplosjonsvernlova §§ 11 og 28
- Forskrift om brannførebygging §§ 6, 7 og 17.

Det har i mange år vore praktisert feiing kvart andre år og tilsyn kvart fjerde år (jf. eksisterande VAR-føresegn til Vanylven kommune). Med bakgrunn i den nye forskrifta, vil det verte gjennomført behovsprøvd feiing. Av § 4 går det fram at det skal gjennomførast feiing minimum kvart sjette år i bustadane. For fritidsbustadar og andre bygg er det ikkje sett nokon minste frekvens. For tilsyn i bustadar er frekvensen endra frå kvart fjerde år til kvart sjette.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen vil gjennom denne forskrifta få presisert kva krav som vert stilt til byggeigar, dei som brukar fyringsanlegg og feiarvesenet. Kommunen vil også få presisert korleis feiarvesenet skal verte drifta.

Forskrifta vil kunne redusere tal på brannar og branntillaup gjennom å stille krav til alle typar bygg som har fyringsanlegg.

Forskrifta vil redusere faren for at feiaren vert skada eller sjuk i samband med arbeid med fyringsanlegg. Spesielt gjeld dette arbeid i høgda/på tak, samt eksponering for sot.

Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og om regulering av feiegebyr i Vanylven kommune er no klar for handsaming. Forskrifta er tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen. Etter høyringsrunden vert forskrifta lagt fram for driftsutvalet, formannskapet og kommunestyret til endeleg handsaming.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Brannar kostar dyrt, både for dei som vert råka av brannar og samfunnsøkonomisk. Forskrifta vil kunne medverke til redusert tap av materielle verdiar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Redusere fare for brann i bustadar og andre bygg med fyringsanlegg.

Konsekvensar for barn og unge:

Frode Vik
kst. rådmann

Helge Kleppe
kommunalsjef